

MØTEBOK FRÅ GENERALFORSAMLING I VALEN KRAFTVERK AS

Den 14. juni 2018 kl. 10.00 vart det halde ordinær generalforsamling i Valen Kraftverk AS.

Generalforsamlinga vart halden på fylkesvaraordføraren sitt kontor.

For aksjeeigar Hordaland fylkeskommune møtte fylkesvaraordførar Pål Kårbø.
Dessutan møtte styreleiar Johnny Stiansen og styremedlem Guro Klyve.

Innkallinga og sakslista vart godkjende. Styreleiar Johnny Stiansen vart vald til møteleiar og referent.

Desse sakene vart handsama.

Sak 1/2018 REKNESKAP OG ÅRSMELDING 2017 - VALEN KRAFTVERK AS

Vedtak:

1. *Generalforsamlinga godkjenner Valen Kraftverk AS sin rekneskap for 2017.*

2. *Generalforsamlinga godkjenner årsmeldinga for 2017.*

3. *Årsoverskotet for 2017 på kr 1 706.815,- vert disponert slik:*

<i>- Utdeling av ordinært utbytte</i>	<i>kr</i>	<i>0,-</i>
<i>- Overført til annan eigenkapital</i>	<i>"</i>	<i>1 706.815,-</i>
<i>Årsresultat (sum disponeringar)</i>	<i>kr</i>	<i><u>1 706.815,-</u></i>

Sak 2/2018 REVISJONGODTGJERSLE FOR 2017

Vedtak:

Generalforsamlinga godkjenner godtgjersle for revisjon for 2017 på kr 55.600,-

Sak 3/2018 KAPITALFORHØYING MED GJELDSKONVERTERING

Vedtak:

Generalforsamlinga vedtek følgande kapitalforhøying.

- a) Aksjekapitalen aukast frå NOK 1 000 000 med NOK 6 000 000 til NOK 7 000 000 ved auking av pålydande på alle av selskapet sine 10 000 aksjar frå NOK 100 pr. aksje til NOK 700 pr. aksje. Samla teikningsbeløp er NOK 6 000 000.

- b) Aukinga av pålydande på aksjane teiknast av dagens aksjonærer.
- c) Aksjane teiknast i generalforsamlingsprotokollen.
- d) Aksjeinnskotet skal gjerast opp direkte etter teikninga ved motrekning av fordring på NOK 6 000 000 som Hordaland Fylkeskommune har mot selskapet. For nærare beskriving av innskotet vert det vist til styret si utgreiing.
- e) Aukinga av pålydande på aksjane gir rett til utbytte og rettigheter for øvrig frå og med kapitalforhøginga er registrering i Føretaksregisteret.

Utgiftene til kapitalforhøginga dekkast av selskapet

Sak 4/2018 ENDRING AV SELSKAPET SINE VEDTEKTER

Vedtak:

Vedtektene sin § 4 endrast og får følgjande ordlyd:

"Selskapet sin aksjekapital er NOK 7 000 000, fordelt på 10 000 aksjar, kvar pålydande kr 700.

Sak 5/2018 Honorar til styret

Vedtak:

Honoraret for medlemene som er tilsette i fylkeskommunen, skal være i samsvar med reglene i «Reglement om godtgjersle for folkevalde» i Hordaland fylkeskommune. Styreleiaren får ei godtgjersle på kr 77.100,- for 2017.

Sak 6/2018 Val

Vedtak:


Styret vert uforandra og for eitt år.

Ernst Johnny Stiansen - styreleiar
Guro Klyve - styremedlem
Sigrid Helene Aardal - styremedlem

Bergen, 14. juni 2018


Pål Kårbø
Fylkesvaraordførar




Ernst Johnny Stiansen
Styreleiar